



Arkivnr: 2014/560-206
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		21.11.2015

Tingdokument til Ungdommens fylkesting 2016

Samandrag

Ungdommens fylkesutval skal presentere ulike dokument på Ungdommens fylkesting 2016. Her er ein oversikt over dei som vart presentert i 2015:

1. **Tingdokument:**

- a. **Program:** Her får dykk ein oversikt over kva som skal skje i helga, med tidspunkt. Viktig å notere seg her er start (15:00) og slutt (15:00).
 - b. **Dagsorden:** Dette er oversikta over sakane som vert handsama på Ungdommens fylkesting. Viktig å notere seg her er at dei fleste sakane vert handsama under konstitueringa, som skjer allereie fredag. Så dersom du har alternative forslag på nokre av desse sakane må du vere klar til å fremje dei under konstituering.
 - c. **Forretningsorden:** Dette seier noko om korleis sakshandsaminga skjer og korleis du teiknar deg til debatt, osv. Denne trer i kraft under konstitueringa.
 - d. **Budsjett 2015:** Budsjettet fortel korleis Ungdommens fylkesutval (UFU) føreslår at ein skal bruke pengar i 2015 og skal verte vedteken av UFT
 - e. **Reglement for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval:** Hordaland fylkesting har vedteke reglement (tidlegare vedtekter) for UFT og UFU.
 - f. **Ungdommens fylkesting frå A til Å:** Her er ein del forklaringar til språket som vert brukt på UFT og som kan vere bra å kjenne til før du kjem til Voss.
2. **Årsmelding og rekneskap 2014:** Det er i årsmeldinga UFU fortel om kva dei har jobba med i løpet av 2014. Rekneskapet visar korleis dei har brukt pengane i 2014. Årsmeldinga og rekneskapet skal godkjennast av UFT. Det er fullt mogleg å stille spørsmål til heile dokumentet om ein har nokre.
 3. **Ungdommens planprogram 2014:** Dette er planprogrammet som UFU har jobba etter i 2014, vedteken på UFT 2014.
 4. **Ungdommens planprogram 2015:** Dette er UFU sitt forslag til nytt planprogram for 2015. Det vil vere mogleg å kome med endringsforslag på alle punkta. Prosessen for korleis dette skal gå føre vil verte forklart på UFT.
 5. **Forslag til nye vedtekter:** UFU fekk i oppdrag frå UFT 2014 om å sjå over vedtektene til UFT og kome med forslag til hensiktsmessige endringar. UFU har laga dette dokumentet som eit forslag til nye vedtekter. Desse endringane vil verte forklart på UFT.

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek tingdokument til Ungdommens fylkesting 2016 slik:

Janne Vernø
Direktør kommunikasjon

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.